

## Månadsbrev mai 2026

I den kulturelle skulesekken om Kjempe-Jo og Lille-Kari fekk elevane høyra om korleis det var å vere ungar i bygde-Noreg i gamle dagar, og føredraget med Hildegunn Fandrem om mobbing og spesielt digital mobbing var interessant. Synd at det fall på ein tidleg, fin vårkveld, for me hadde hatt plass til fleire i gymsalen. Verdas bokdag skjedde det mykje kjekt, jf. artikkel på heimesida som du sikkert allereie har lese.

Denne månaden held 10.-klassingane fram med årsprøve i matematikk og engelsk 4. og 5. mai, før det blir offentleggjering av eksamenstrekk i skriftleg avgangsprøve 13. mai. Det tyder at om dei vil, kan dei nytta både Kr. himmelfartsdag og frifredagen til lesing, for første aktuelle eksamensdag er onsdag 20. mai i engelsk. Torsdag og fredag blir det ev. norsk hovudmål og sidemål og 26. mai matematikk. Litt 17. mai-feiring blir det nok, og helga etter er det pinsehjelg med fri, eller eksamenslesing til matematikk?, på måndagen. Lukke til på eksamen!

Fredag 8. mai besøkjer 1.-4. klasse Anne May og Arne for å sjå på lam, og 13. mai øver me på å gå i 17. mai-tog i 3. time, 8.-9. klasse har ansvar for morgonsamling i 4. time og me plukkar søppel i 5. og 6. time.

28.-29. mai er det planlagt ovenattingstur for heile skulen, og i veke 23 reiser 10. klasse til Rhodos. Dermed er året snart over for dei, for det blir munnleg eksamen 12. juni og avslutningsfest for 10. klasse 17. juni.

Hugs skuleonsdag 13. og 27. mai og planleggingsdag for lærarane 1. juni!

Sinnes 04.05.26, Åse-Berit Fidjeland



GOD 17. mai-feiring!